



Sogndal Fotball

Postboks 164
6851 Sogndal

Telefon: 57 62 90 00
Telefaks: 57 62 90 01

www.sogndalfotball.no

Organisering i ungdomsfotballen 2015

- avklaringar frå sport- og utviklingsavdeling

Sport- og utviklingsavdeling starta saman med administrasjonen og breiddestyret eit overordna arbeid med klubbstruktur april 2014 knytt til Kvalitetsklubbprosjektet til NFF. Dette arbeidet har forgreina seg i organisasjonen der b.la klubbhandbok, roller og funksjonar i breiddestyret, organisering ungdomsfotball, prioriteringar i toppsatsing-utvikling har vore tema.

Når det gjeld organisering i ungdomsfotballen, har ein i eit toppfotballperspektiv, vore klare på at vi skal verte betre på å prioritere spelarar som kan vidareutvikle seg og vere aktuelle for toppfotballen på sikt. For G16(og i nokre tilfeller G15) meiner vi at den beste arenaen for utvikling av enkeltspelarar er i Sogndal 2 gruppa, og i enkelte tilfeller A-laget, med kamparena på seniornivå. For desse spelarane er det viktig å variere slik at totalbelastning ikkje vert for stor og at ein også kan få påverking på aldersjamnbyrdig nivå. Dette ved å delta på kretsaktivitet, tiltak i toppsatsingsregi, og spel på sitt eige aldersnivå når det er hensiktsmessig.

Sport- og utviklingsavdelinga hadde i 2014 ein prosess rundt potensiell deltaking i ein nasjonal kampserie for G16, gjeldande frå 2015. Prosjektet nasjonal kamparena G16 var initiert av toppklubbane på La Manga seminaret 2014. Hovudmålsetjinga med denne serien er å gi potensielle toppspelarar på G16 nivå kamperfaring på aldersjamnbyrdig nivå nasjonalt. På grunn av lang og noko komplisert saksgang sentralt drog denne prosessen ut. Etter ei totalvurdering på sport/utvikling her i klubben vart det hausten 2014 bestemt at vi ikkje var klare for å stille lag i denne serien 2015.



Når ein no vel å gi fleire spelarar på G16 nivå eit tilbod om å vere i Sogndal 2 gruppa, er dette med utgangspunkt i at spelaren skal stå i sentrum. Med dei trenarressursane tilknytta denne gruppa er vi trygge på at spelarane vil få ein optimal arena å utvikle seg på.

Ved at klubben gjer dette grepet meiner vi det er hensiktsmessig å organisere ungdomsfotballen i kull, og under breiddefotballen. Vi er klar over at dette på kort sikt vil kunne gå ut over resultat på lagsnivå, men er overtydde om at på lengre sikt vil gagne enkeltspelaren (samt resultat), både for dei som får tilbod om oppflytting/hospitering i toppsatsinga og for dei som fast er ein del av lagstilbodet i sitt kull i breiddefotballen. Vi meiner også fleire spelarar vil bli «sett» i ein slik modell, og at det stimulerar til at fleire spelarar vil få større utfordringar i kampsamanheng. Organisering år for år vert enklare og ein vil få større kontinuitet på trenarsida.

Vi meiner dette vil vere med å løfte både breidde- og toppsatsing i klubben og at vi etterlev fotballfamilien sin visjon om flest mogleg-lengst mogleg-best mogleg.

Stao No Pao!



Håvard Flo
Sportsleg leiar



Eirik Bakke
Hovudtrenar A-lag



Sebastian Kaldestad
Utviklingsansvarleg



Marius Bøe
Toppspelarutviklar



Terje Skjeldestad
Keepertrenar